

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Rita Berstad Maraak

Arkivsak: 26/202

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
STRANDA HAMNEVESEN KF	07.09.2026	047/26

Geiranger Brygge - vidare planarbeid etter motsegn frå Riksantikvar

Hamnesjef si tilråding:

1. Styret tek orienteringa om status i reguleringsplanarbeidet for Geiranger brygge til vitande.
2. Styret tek til vitande at Riksantikvar si motsegn til planforslaget og endringar i løysinga for av og påstigning på Geiranger brygge medfører behov for ytterligare utgreiingar og oppdatering av planmaterialet før ny høyring og offentleg ettersyn.
3. Dersom dei pågåande avklaringane knytte til anskaffingsregelverket og gjeldande terskelverdiar syner at vidare oppfølging kan gjennomførast innanfor gjeldande regelverk, får styreleiar og administrasjon fullmakt til å setje i gang og følgje opp det vidare planarbeidet fram til andre gangs høyring og offentleg ettersyn.
4. Styret legg til grunn at delar av meirkostnadene kan dekkjast innanfor vedteke budsjett for 2026. Resterande kostnader skal innarbeidast i budsjettet for 2027 og leggjast fram for styret i samband med ordinær budsjettbehandling.
5. Administrasjonen skal halde styret orientert om framdrift, økonomi og eventuelle forhold som kan påverke vidare prosess, kostnader eller tidsplan.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Riksantikvar har fremja motsegn til reguleringsplan for Geiranger brygge. Samstundes er det lagt til grunn ei endra løysing for av- og påstigning på brygga. Dette medfører behov for å oppdatere plangrunnlaget og gjennomføre ytterligare utgreiingar før planforslaget kan sendast ut til andre gangs høyring og offentlig ettersyn.

Saksopplysningar

Det har vore synfaring i Geiranger 10. juni 2026 og dialogmøte med Riksantikvar 24. august 2026. I tillegg har det vore løpande dialog mellom Stranda hamnevesen, Norconsult og aktuelle fagmiljø om vidare prosess.

Riksantikvar har presisert at dei ikkje har stilt krav om overordna plan eller heving av plannivået, men at tiltaket må vurderast i ein breiare samanheng knytt til utviklinga i Geirangerfjorden og verdsarvområdet. Det er vidare stilt forventningar om tilstrekkeleg dokumentasjon av samla belastning, alternativvurderingar, nullalternativ og konsekvensar for verdsarverdiane. Riksantikvar legg til grunn at konsekvensutgreiinga skal tilfredsstillе ordinære krav etter forskrift om konsekvensutgreiingar, og har i tillegg peikt på behovet for ei KUVA etter UNESCO og ICCROM metodikk.

Norconsult har på bakgrunn av innspela frå Riksantikvar utarbeidd oppdatert framdriftsplan og budsjett for vidare planarbeid. Den største usikkerheta knyter seg til omfanget av arbeidet med KUVA og konsekvensutgreiing. Etter dialog med aktuelle fagressursar er estimatet redusert frå om lag 230 timar til om lag 160 timar, i tillegg til møtedeltaking. Føresetnaden er at det kan avgrensast til utgreiing av eitt alternativ, og at løpande dialog med Riksantikvar ikkje utløyser vesentleg meirarbeid undervegs.

Timeestimatet omfattar arbeid frå og med 1. september 2026 og fram til andre gangs høyring og offentleg ettersyn. Allereie brukte timar til oppfølging av motsegna, styrehandsaming og prosessavklaringar, er ikkje omfatta av dette estimatet.

Det kan i tillegg kome behov for arbeid etter høyringa knytt til vurdering av merknader og eventuelle justeringar av planmaterialet. Omfanget av dette arbeidet er ikkje mulig å anslå på noverande tidspunkt og er derfor ikkje innarbeidd i estimatet.

Vurdering

Administrasjonen vurderer no konsekvensane av dei oppdaterte kostnadsestimata opp mot gjeldande regelverk for offentlege anskaffingar. Først når desse avklaringane ligg føre vil det vere mulig å ta endeleg stilling til vidare gjennomføring innanfor gjeldande regelverk.

Administrasjonen meiner det er tenar formålet at styret gir fullmakt til styreleiar og hamnesjef å gå vidare med planarbeidet, dersom avklaringane knytte til anskaffingsregelverket gir grunnlag for dette. Delar av meirkostnadene kan dekkjast innanfor vedteke budsjett for 2026, medan resterande kostnader må innarbeidast i budsjettet for 2027.